

Saksbehandlar: Helle Selseng  
Sak nr.: 21/511-1

### Bruk av ordførarkjedet

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:  
Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:**

1. Retningslinjer for bruk av ordførarkjede blir vedteke slik dei ligg føre.

**Vedlegg:**

Retningslinjer for bruk av ordførarkjede

**Andre relevante dokument i saka:**

---

### SAKSFRAMSTILLING

---

**Bakgrunn for saka**

Det er ikkje utarbeida standardreglar for bruk av ordførarkjede i Norge. Måten kjede blir brukt på kan variere frå kommune til kommune. Ein del kommunar har utarbeida reglement for bruk av kjede. Det er ikkje utarbeida reglement som gjeld for dagens ordførarkjede for Sogndal kommune.

Dei fleste nyttar kjede berre internt i eigen kommune, og elles er det vanleg at ordførarkjedet blir brukt ved følgande høve:

- mottakingar i kommunal regi
- middagar og andre tilstelningar der kommunen er vertskap
- innviing av offentlege anlegg når ordføraren står for innviinga
- åpning av større møter, kongressar og liknande, der ordføraren representerer kommunen
- overrekking av utmerkingar
- besøk av kongelege gjester

Vedlagde utkast til retningslinjer for bruk av ordførarkjede for Sogndal kommune byggjer på gjeldande prinsipp.